

Versjon nr.: 1	Sist oppdatert: 26.10.18	Endra av: Sissel Brusegard
<b>Elev - Vg 3 i skule for elevar utan tilbod om læreplass 1. september</b>		
Kort om:	<p>Opplæring vg3 i skule vert sett i gong om det er elevar med ungdomsrett utan tilbod om læreplass pr. 1 september. Vg 3 i skule er ikkje eit søkbart opplæringstilbod.</p> <p>Fylkesdirektøren for opplæring har etablert følgjande ruiner om vg3 i skule, inntak og organisering.</p> <p>Målseting:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke gjennomføring med godkjent sluttkompetanse i vidaregåande opplæring</li> </ul> <p>Rekkefølge ved inntak til vg3 i skule</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kvalifiserte søkarar som står utan tilbod om læreplass/skuleplass (opplæring) per 1. september skal få tilbod om vg3 i skule innan 15. september</li> <li>- søkarar som gjennom 1. eller 2. inntak har fått tilbod om skuleplass og takka ja, kan få tilbod om vg3 i skule viss det blir starta opp, sjølv om skuletilbodet er på lågare ønske</li> <li>- vaksne med rett etter §4A-3, som har søkt formidling (i Vigo) til bedrift utan å få læreplass</li> <li>- ungdom med rett til vidaregåande opplæring, som kvalifiserer seg undervegs i eit skuleår, kan få tilbod om plass etter ei vurdering frå skulen</li> <li>- kvalifiserte søkarar <u>utan rett</u> til vidaregåande kan få tilbod om vg3 i skule ved ledig kapasitet på tilbodet</li> </ul>	
Lovgrunnlag og/eller heimel:	<p>Opplæringslova <a href="#">§3-3</a> Forskrift til opplæringslova <a href="#">§ 6A-9</a></p>	

### Inntak og gjennomføring

Kva	Tidsperiode	Ansvarleg
Ta ut og sorter liste med søkarar utan læreplass	1.september	Fylkesdirektøren for opplæring
Sende ut tilbod om vg3 i skule til kvalifiserte søkarar	15. september	Fylkesdirektøren for opplæring/skule
Svarfrist om søkar tek imot tilbodet	22. september	Fylkesdirektøren for opplæring/skule
vg3 i skule er ei opplæring som varer mellom 18 – 24 månader	18 – 24 mnd.	Skulen
Eleven skal registrerast i SATS og i VIGO med namn, fag og startsdato	Oppstart	
Skulen må utarbeide ein plan for undervegs - og sluttvurdering	Kontinuerleg	Vg3 skulen

Sjekke i SATS om elevar manglar fag og utarbeide ein plan for korleis manglande fag skal dokumenterast	Oppstart	Vg3 skulen
Det skal opprettast kontrakt mellom eleven og skulen, der eleven forpliktar seg til å delta aktivt i opplæringa  Om vg3 skulen nyttar utplassering i bedrift skal det skrivast ein avtale mellom skule, bedrift og elev	Oppstart (eigen registrering i VIGO)	Vg3 skulen
Elevar i vg3 i skule har same rettar og plikter som andre elevar i skulen	Kontinuerleg vurdering	Vg3 skulen
Opplæringa til eleven må dokumenterast	Kontinuerleg	Vg3 skulen
Fråvær skal registrerast og førast på vitnemålet	Kontinuerleg	Vg3 skulen
Vg3 skulen vurderer om eleven er klar for fagprøve/kompetanseprøve og melder eleven opp til fagprøve/kompetanseprøve til fylkesdirektøren for opplæring		Vg3 skulen

### **Rutine avbrot vg3 i skule**

- Registrering av avbrot og avbrotårsak (dette skal og gjerast ved overgang til lærekontrakt)
- Fyll ut sluttskjema
- Lage læretidsattest i henhold til §4-6
- Registrere sluttdato (og årsak til avbrot) i SATS og VIGO

### **Økonomi, kostnad ved tilbodet**

Vg3 Skulen får Basistilskot 1 per elev til å legge til rette for denne opplæringa. Pr januar 2018 er basis 1 tilskotet på kr 149 030,- pr lærling (heile læretida). Ved overgang til lærekontrakt vert basistilskotet ikkje trekt attende.